



Særutskrift frå møte i samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet ved Austebygd skule og Austebygd barnehage 10.11.22.

Sak 3. “Kommunedelplan for oppvekst” – høyring

SU meiner det er svært positivt at FN sine berekraftsmål og Barnekonvensjonen er gjennomgåande i heile kommunedelplanen

Det er også positivt at kommunedelplan for oppvekst vert sett i samanheng med andre kommunedelplanar. SU vil påpeika viktigheita av at særleg arealplanen og oppvekstplanen vert sett i sammenheng. Me meiner at det må leggjast tilrette for nybygging også i dei små skulekrinsane.

Nærmiljø er eit omgrep som går att i planen. Vår definisjon på nærmiljø er området der skulen/barnehagen ligg- der barna kan gå eller sykla til på ettermiddags-/kveldstid

Informasjon om fritak av betaling for fritidsaktiviteter må vera meir synleg/lettare tilgjengeleg på kommunen sine heimesider.

Planen er i det store og heile god, men den er nokså ambisiøs med tanke på økonomi/kostnad.

Sletta 21.11.22

Robert Helle Soltveit
Nestleiar SU/SMU

Vigdis Villanger
skrivar